

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 68

Fylke: Sør-Trøndelag

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Agdenes

Emne: Bålbrenning

Bygdelag:

Oppskr. av: *Arne Olsen*

Gard: Elva

(adresse): *Fenes*

G.nr. 44 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Namn.

1. Det kallest "bål".
2. Bålet har namn etter den dagen det bli brennt. men bli det brennt på andre dagar enn dei vanlege faste bålbrenningsdagar, har det ikkje serskild namn. (Det kan einast vera "kaffebål" eller "fiskarbål". og i det militære "vakteld", når det er lite, men "vaktbål" eller "leirbål" når det er noko stort).
3. I bygda her bli det sagt "eit lite bål" eller "eit stort bål". Ikkje eit enkelt serskild ord for stort eller lite.

Tida.

4. Det var ikkje plukka saman serskild ved til bål-brenning i julehelga. Det har elles aldri vore bål-brenning her i julehelga.
5. "Julelog"(juleloga?) er heilt ukjent her.
6. Bålbrenning i påskehelga har det ikkje vore.
7. Dei har ikkje gådd for å sjå sola danse påskemorgonen og har difor heller ikkje tenn bål da.
8. Bål vart brendt
 - a. Jonsok- (St.hans-) kvelden,
 - b. Pinse-eftan,
 - c.
 - d. Olsok-kvelden (men dette i seinare tid)
9. Andre faste merkesdagar for bålbrenning var det ikkje.
10. Det var ikkje nokon dag med bål og røyk serskild for krøtera.
11. ...
12. Bål skulde tendast mot kveldstid, når meste arbeidet var undagjort. Det vart da mot åttetida om kvelden.
13. og det skulde brenne så lenge dei orka bera attåt brennfang, gjerne ti mot midnatts-tider.

Staden.

14. Det var (er) visse bålstader. I vår bygd er det mange for kvar fjord og øy og grend har sin, på berghøgder innpå fastlandet og på knausar og nes utmed sjøen.

- 15. Ja. bålrensninga var omlag alltid på sama staden.
- 16. Men ikkje på kvar gard.
- 17.

Dei som steller med bålet og tenner det.

- 18. Alle som vil, gamle og unge, gifte og ugifte, er med og brenner bål. ~~Den~~ sjølv sagt sit da mange, helst eldre heime.
- 19. ...
- 20. Ja, no er det helst yngre og bonn som driv brenninga.
- 21. Det er ikkje lag eller samskiplader her til å ordne med bålrensning.
- 22. Her har det ikkje vore bruks- eller fabrikkengarar med arbeidsfolk, og difor ikkje bål etter tiltak av slike.

Korleis dei bygde bålet.

- 23. Bålet vart (bli) ikkje bygd på nokon viss måte. Dei legg vyrkjet saman til ein haug med god tennved inni.
- 24. Tjeratynnar (-kvarter, pøser) kunde einkvan gongen vera å få. Men no når folk ikkje brenner tjera lenger, er ikkje slikt å få meir. Og snakket om gamle båtar "på Sakthansbålet" er mest berre ein talemåte, for den som har levd her oppi 80 år har enno ikkje sett likt til båt på bålet.
- 25. Det vart ikkje laga figurar til brenning på bålet.

Bål-vyrkje.

- 26. Det vart ikkje kjøpt noko,
- 27. men alle som kunde hadde med noko vyrkje.
- 28. Dei tok gamalt gagnlaust rask der dei fann det, men det meste vyrkje vart tikje av skogjen og av lyng og mosa der bålet var.
- 29.
- 30. Nei

Korleis bålet skulde vera.

- 31. Storleik og skapnad på båla var ymse. Det kom alt an på, kor mange som var med og kor lettvindt det var å finne brennfang. (Olsokbåla skulde ikkje vera mindre enn dei andre).
- 32. Det var om å gjera å ha største bålet.
- 33. Det var mest om å gjera å få til mykje røyk.
- 34. Fyrst måtte det vera svær flamme, og så kasta dei på våt mose (eller tang om det var nære sjøen).
- 35. Det skulde helst sprute gnistra av bålet, og for å få-til det måtte bålet brenne med stor flamme, og så slog dei borti det med ein kjepp.

Kva bålet skulde tene til.

36. Det var ikkje tale om, at ljuset eller røykjen skulde drive bort noko,
37. heller ikkje var dette til noko vern for krøttera.
38. Dei skulde ikkje kaste eld eller brannar på kvarandre, men det vart sumtid gjort av uvørrenskap.
39. Noko varsel frå dei ymse ovringar frå bålet var det ingen som skyna seg på.

Sjølve festen ved bålet.

40. Samværet ved bålet var kalla sankthansleik.
41. Ikkje berre ungdom var ved bålet. Foreldre tok bonna med seg dit. Også gamle folk går åt bålet, men dei fleste slike held seg heime. Nokon sers fest heldt dei ikkje. I eldre tid koka dei rømmegraut (sankthansgraut) for heile huslyden, fyrr dei sprekaste fór til bålbrenninga. (eller olsokgraut).
42. Folk heldt seg ved bålet så lenge dei orka halda det vedlike, men over midnattstider vart det ikkje.
43. Dei åt, og drakk kaffi eller brus. Kvinnerne - konerne - sytte for trakteringa og hadde nistekorg med. Rusdrykk veit eg ikkje av det var i grenda her, men i meir tettbygde grender hadde dei rusdrykk.
44. Ikkje dans rundt bålet, men etterpå dansa dei helst ute, på ei bru, eller på einkvan låven.
45. Dei hoppa over bålet,
46. og sprang gjennom røykjen, av sprekleik. Dei laga kolsmell: spyttta ei dugeleg klyse på ein jamn stein, la ei frisk glo frå bålet oppå og slog med øxhamaren. Det kunde bli ein bra smell.
47. Dei tok ikkje noko med frå bålet, til å gjøyme.
48.

Skikken idag.

49. Dei eldre og gamle tek det mindre alvorleg me bålbrenninga no enn før. Men bonna ser med glede fram til Jonsok og olsok- bålbrenninga, og kanskje mest av den grunn bli breningskikken heldt oppe. Det er da også på ein måte kristne minnedagar. Kanskje ein kan segja at Olsok har fastare tak no enn før. Heri ligg kanskje ei oppgave i skikken.
50. Skikken med bålbrenning har kanskje auka, avdi pinsebålet er kome til i seinare tid.
51. Når skikken auker eller minker, så står det likevel mest på ungdommen. Veks det opp mykje ungdom, livnar skikken til. Bli det lite ungdom (utflytting) falmer han av.

--o--